



Opptaka til mobbefilmen er i gang i skulen i Uskedalen. Leiar for prosjektet Ronny Lakselv til venstre. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Hobbyklubben i Uskedalen har no søkt kulturkontoret i kommunen om støtte frå Solsikkeprisen 2007 til filmprosjektet om mobbing som er i gang.

Leiar for Hobbyklubben Tore Mathiesen held fram at prosjektet er spanande og fremjer nyskaping, kreativitet og samarbeid samt kulturelt og kunstnarleg samspel.. Deltakarane er gutter og jenter frå femte til niande klasse og kjem frå fleire bygder i Kvinnherad.

Det er Ronny Lakselv, som driv Sydvest TV, som leiar prosjektet.

Målsettinga er å gje dei unge sunne interesser, utfordringar, kunnskap og å vekke interesse for å lage film. Temaet mobbing er svært aktuelt i skole og fritid. Filmen set søkelljoset på dette spørsmålet: Korleis skal vi vera mot kvarandre?

Under produksjonen av filmen blir dei unge sine kreative evner og ideer utfordra. Dei får utfalda seg som skodespelarar , lærer å samarbeide i team frå ide til film og får vera med på nyskaping. Mykje skal planleggjast og gjerast før det blir film, som er planlagt ferdig i mai 2008. Det trengs ein ide, det skal skrivast ei novelle basert på ideen, det skal lagast manus for heile novellen, replikkar og kostymar skal vera klare før filming, det må filmast og tas opp lyd og filmen må redigerast.

Budsjettet er på 17.000 kroner og Mathiesen søker om 12.000 i støtte frå Solsikkeprisen medan Hobbyklubben stiller 5.000 i eigenkapital.